

Språknytt



NRK
Alltid språk

side 6



Leder

Innhold
4 | 2019

Leiar med språkmedvit

NRK ER EIN INSTITUSJON dei fleste av oss har eit forhold til. Somme har som fast morgenroutine å høyre nyheitene på radio, medan andre likar å vakna opp til gjengen i P3-morgen. Dei yngste følgjer gjerne med på YouTube-kanalen til NRK Super, medan dei eldre slår på fjernsynet klokka 19.00 for å sjå Dagsrevyen.

Sidan så mange av oss hører, ser eller les noko av NRK sitt innhald dagleg, er det både viktig og gledeleg at NRK tek språkansvaret sitt på alvor. Kvaliteten på tekstinga er høg, det finst eigne samiske og kvenske redaksjonar, og mange programpostar er tilgjengelege med teiknspråktolkning. I 2019 er det dessutan første gong at NRK truleg når målet om at minst 25 prosent av innhaldet skal vera på nynorsk. Alt dette bidreg til å speglia språkmangfaldet vi har i Noreg.

Vi i Språkrådet ser eitt viktig fellestrekk som går att i vellukka prosjekt: Det leiinga gjev signal om at er viktig, blir viktig i heile organisasjonen. Skal ein oppnå noko, kan ein ikkje overlata ansvaret til eldsjeler. Leiinga må seia tydeleg frå om kva dei ønskjer, og dei må følgja opp. Her er NRK-sjef Thor Gjermund Eriksen eit godt føredøme. Til Språknytt seier han at språkoppdraget er høgt oppe på dagsordenen når NRK planlegg framover. Slike haldningar smittar nedover i ein organisasjon, og Eriksens ord er noko vi gjerne hører frå andre toppleiarar.

Forresten: Sidan NRK ser ut til å nå nynorskmålet, treng dei nye mål å strekkja seg etter. Eg brukar å seia at det ikkje er reell språkleg likestilling i Noreg før det blir levert saftige vitsar om bokmålet på Nytt på Nytt. Tek de utfordringa, NRK?

Åse Wetås, direktør i Språkrådet

- 3 Språklege utfordringar i høgare utdanning
- 5 Språkbrukeren
- 6 Intervjuet



- 10 Samisk språkuke
- 11 Samiske språk
- 13 Språkrådet ønsker en tydeligere språklaw
- 14 Klippe! sa kraftpatrioten
- 16 Språkkunnig prisvinnar
- 17 Med andre ord
- 18 Norrønt i beste sendetid



- 26 Egentlig så er det ikke så dumt
- 31 Nyord
- 32 Klipp
- 33 Leserspørsmål
- 36 Historia bak

Språklege utfordringar i høgare utdanning

Korleis blir fagspråket når undervisninga skjer på engelsk og eksamenssvaret skal skrivast på norsk? Språkrådet har undersøkt språkbruken på eksamen.

AV MARITA KRISTIANSEN

I 2016 ENDRA Noregs handelshøgskole (NHH) undervisningsspråk frå norsk til engelsk i organisasjonsteori, eit av dei obligatoriske emna i bachelorstudiet i økonomi og administrasjon. Tidlegare har pensumboka vore på engelsk og forelesingane på norsk. No er også undervisningsspråket engelsk, medan studentane framleis kan skrive eksamenssvara på norsk, alternativt på engelsk.

Ulik syn på språkskiftet

Dette språkskiftet var bakgrunnen for ei undersøking Språkrådet fekk gjennomført i 2016. Undersøkinga blant 258 studentar viste eit ulikt syn på språkskiftet ved NHH. Nokre meinte at dei ville lære meir, medan andre meinte at undervisning på engelsk ville svekke læringsutbyttet og gjere det meir tidkrevjande å studere faget.

Språkskifte er ikkje noka ukjend problemstilling i høgare utdanning. Reint språkpolitisk er det interessant å finne meir ut om korleis fagspråket blir sjåande ut når undervisninga er på engelsk og eksamenssvaret skal skrivast på norsk, og om studentane klarer å tilegne seg eit norsk fagspråk, slik intensjonen er i språkstrategiane til institusjonane.

Dette var bakgrunnen for ei undersøking frå i år av språkbruken i eksamenssvara, der ein såg på kva faguttrykk studentane brukar på eksamen for å skildre dei aktuelle omgrepene. Materialet omfattar 247 eksamenssvar. 57 av dei er skrivne på engelsk. Minst 39 av dei 57 er skrivne av nokspråklege.

Språkblanding på eksamen

Innleiingane i nokre av eksamenssvara viser at det ikkje er lett å velje kva språk ein skal bruke på eksamen. Eit typisk eksempel: «Denne eksamenen vil bli besvart på norsk, men kan innehalde engelske ord og uttrykk frå teorien.»

Eksamensvara er sorterte i fire kategoriar: «heilt norsk», «hovudsakleg norsk», «norsk med engelske termar» og «heilt engelsk». I kategorien «heilt norsk» finn ein også tekstar med berre éin engelsk term, medan det i svar på «norsk med engelske termar» i hovudsak er nutta engelske faguttrykk. Desse sitata er typiske for eksamenssvar skrivne på høvesvis «hovudsakleg norsk» og «norsk med engelske termar»:

Sentralisering av makt vil si at makten er holdt av managers høyt i hierarkiet [...]. ►

«Ein del studentar har eit engelsknivå som er så därleg at det hemmar formidlinga av innhaldet.»

Ved bruk av mutual adjustment styres prosessen av kompromisser og gjensidig tilpasning mellom de ansatte, og arbeidsprosessen er mindre forutsigbar.

Ved design av organisasjonens struktur møter en ulike challenges på veien mht vertikal og horisontal differentiation, differentiation og integration, centralization og decentralization samt standardization og mutual adjustment. Hvordan disse fire challenges løses resulterer i strukturen til organisasjonen. [...] Det er her viktig å presisere at ingen organisasjoner er pure mechanistic eller organic.

Det er viktig å understreke at NHH-studentane har gode karakterar frå vidaregåande, også i norsk.

Dårleg engelsk og engelskpåverka norsk
Terminologien i faget organisasjonsteori består til dels av ord frå allmennspråket, slik som *byråkrati* (*bureaucracy*), *karriere* (*career*) og *åferd* (*behaviour*). Nokre ord er meir tekniske to-ords uttrykk, slik som *byråkratiteori* (*bureaucracy theory*), *karrieremobilitet* (*career mobility*) og *avgjerdsprosess* (*decision process*). Desse uttrykkene finst òg i allmennspråklege ordbøker, men i organisasjonsteori er dei nemningar på særskilte fagomgrep som derfor blir snevrare definert enn i allmennspråket.

Hovudfunna viser at meir enn halvparten av studentane har valt å skrive eksamens-

svaret på norsk, med mykje bruk av norsk terminologi. Resten brukar engelsk fagspråk. Dei norske og engelske faguttrykka blir introdusert på ulike måtar, mellom anna ved bruk av hermeteikn. Både norsk og engelsk blir nytta i same setning for å skildre det same omgrepene (*subordinates* og *underordnede*). Vidare nyttar studentane hybridterminar (*mechanistic strukturer*, *vertikal differentiation*), engelsk orddelingsmåte på norsk og ei rekke termvariantar for å skildre det same omgrepene.

Undersøkinga viser at fleirtalet av dei som nyttar engelsk, har eit middels til godt språk. Resten har eit engelsknivå som er så därleg at det hemmar formidlinga av innhaldet. Det er også tendensar til at engelsk språkføring påverkar norsken («i min mening», «i kontrast med»).

Den språklege kvaliteten på eksamenssvara gjev grunn til å tru at studentane ville ha vore flinkare til å formidle fagkunnskap skriftleg om dei hadde fått høve til å arbeide meir systematisk med faguttrykk, både norske og engelske.

Marita Kristiansen er forskar II ved NORCE og leiar av Språkrådet sitt fagråd for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning.



Leve

I boka *Verbene som beveger verden* spør forfatter Bård Borch Michalsen ti språksterke nordmenn hva som er favorittverbet deres. «Hvilket verb elsker du å lese og høre – eller bruke selv?» Her er svaret fra Åse Wetås:

Som doktor i nordisk språkvitenskap og som språkdirektør er jeg blant dem som har en særlig interesse for alle sider av det norske språket – både det nåtidige og det eldre. Å plukke ut et favorittverb er derfor en svært vanskelig oppgave. Likevel er det ett verb som peker seg ut, fordi det er forutsetningen for alt annet. Jeg tenker da selvsagt på verbet å *leve* (norrønt *lifa*).

Språklig er *leve* et gammelt arveord, altså et ord som har eksistert i språket vårt til alle tider, i motsetning til fremmedord og lånord. Grunnbetydningen av verbet *leve* er etter Bokmålsordboka *å ha liv, være til, eksistere*, som jo er vakkert i seg selv. Men når vi åpner de nye store og dokumenterende ordbøkene over norsk språk, nemlig Norsk Ordbok og Det Norske Akademis ordbok, kan vi se lagene av betydninger, ordtak og metaforisk bruk folde seg ut. Det

er da det begynner å bli virkelig spennende! Man kan for eksempel leve opp til noe, leve høyt, leve på luft og kjærlighet, lære seg å leve med noe, leve ut en interesse eller leve seg inn i andres liv. Og *leve* kan blant annet bety å eksistere, å greie seg gjennom noe, å skaffe seg erfaring og å oppføre seg.

Jeg er særlig opptatt av at norsk språk skal leve også inn i de kommende hundreårene. For at språket vårt skal holdes levende og viktig både som felles kulturobjekt, som kommunikasjonsmiddel og som uttrykk for personlig identitet, må det være i bruk på alle samfunnsområder. Derfor bør vi alle være bevisste på å bruke både verbet å *leve* og resten av det rike norske ordforrådet vårt i alle sammenhenger og så ofte vi kan.

Det kommer språket vårt garantert ikke til å bli utlevd av.

«Vi bør alle være bevisste på å bruke både verbet å *leve* og resten av det rike norske ordforrådet vårt i alle sammenhenger og så ofte vi kan.»



Stolt sjef frå Stovner


Kva er samanhengen mellom Bredtvet videregående skole i 1983 og NRK i 2019? Thor Gjermund Eriksen og nynorsk er to av stikkorda.

TEKST SIGRID SØRUMGÅRD BOTHEIM | FOTO KATRINE GADE

I 1970 FASTSETTE STORTINGET eit mål om at 25 prosent av innhalten i NRK skulle vera på nynorsk. Snart 50 år etter ser det ut til at NRK når målet for fyrste gong.

Kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen seier han blir svært stolt dersom det lykkast.

– Å nå målet har mykje å seie for posisjonen til nynorsken og det språklege mangfaldet.



«Vi må leve
kvalitet i
verdsklasse.»

Eriksen seier at han har eit personleg engasjement for språket, og det har han hatt lenge før han gjekk inn dørene til rikskringkastinga.

– Eg kjem frå Groruddalen og snakkar «ekte» austkantdialekt. Det er ein dialekt som er like verdifull som andre dialektar frå andre dalar, men sosialt og språkleg har han nok ikkje blitt like høgt verdsett. Allereie som ungdom var eg oppteken av at vi skulle kunne snakke vårt eige språk. På starten av 1980-talet ville Norges Gymnasiastsamband kvitte seg med sidemålet i vidaregåande. Da kjempa eg for sidemålet, og eg fekk med

meg fleirtalet. Tenk det, fleirtal for sidemål i Groruddalen!

Nettet er akilleshælen

Når NRK reknar ut nynorskprosenten, registrerer dei halvparten av all dialektbruk som nynorsk. Nynorskprosenten får dermed litt draghjelp av dialektane i etermedia. På nettet er det annleis, der er det skriftlege innhaldet naturlegvis anten på nynorsk eller bokmål. På nettet er nynorskdelen rundt 17 prosent.

– Tilbodet vårt til publikum er meir skriftleg i dag enn det var tidlegare. Det betyr at vi får eit større ansvar for det skriftlege. Innhaldet på nett er akilleshælen vår nå. Eg håpar vi kjem dit at vi ikkje er spente på om vi når nynorskmalet. Det skal ikkje vera som ein høgdehoppkonkurranse, der vi i beste fall, med eit skikkeleg fråspark, akkurat kjem over lista på 25 prosent. Nynorskbruken i NRK skal vera stabil, bra og naturleg. Men vi kjem ikkje til å få ein stabil nynorskprosent viss ikkje det skriftlege tilbodet på nynorsk går vesentleg opp.

Korleis jobbar de for å få opp nynorskbruken på nettet?

– Vi må etterspørja og anerkjenne nynorsk. Vi har prøvd å vekkje dei vi kallarsovande nynorskbrukarar. Med det meiner vi journalistar som kan nynorsk, men som skriv på bokmål. Somme gonger seier eg personleg til reporterar at eg har sett at dei kan nynorsk, og ber dei om å skrive meir. Vi må òg ta i bruk ny teknologi og nye metodar. Nettsjef i NRK Hildegunn Soldal har sett i verk eit prosjekt med ein nynorskrobot, som skal generere meir innhald på nynorsk. Der ser vi gode resultata allereie den fyrste månaden.

Ein stor del av nynorskartiklane på nrk.no kjem frå distriktskontoret i Sogn og Fjordane. Eriksen meiner det er naturleg at nynorsk er meir brukt på Vestlandet enn andre stader, samtidig som det er eit mål at nynorsk skal ►

«Nynorskbruka i NRK skal vera stabil, bra og naturleg.»



bli brukt i alle samanhengar i heile landet.

– Sogn og Fjordane kan ikkje ta jobben for heile NRK. Det blir feil. Vi har hatt nynorskbrukarar i NRK Østlandssendingen, for eksempel. Det skal vera like naturleg å formidle nyheiter på nynorsk i Oslo-området som det er andre stader i landet. Vi har mange artiklar på nett som blir lesne av mange, men som ikkje er av dei største eller viktigaste nyheitene. Eg trur det er viktig å bruke nynorsk også i slikt stoff.

Søkjer sjef med smittande engasjement

Ragnhild Bjørge slutta tidlegare i år som språksjef i NRK, etter å ha sete i stolen i seks år. NRK er nå i gang med å tilsetja ein ny person i denne stillinga. I utlysningsteksten søker dei etter ein person som har gode kvalifikasjonar innan både journalistikk og språk. Dei etterlyser òg nokon som kan spreie entusiasme og engasjement rundt språkarbeidet.

– Ein språksjef må vera ei positiv drivkraft i organisasjonen vår. Det skal vera gøy å jobbe med resultat, gøy å diskutere språklege utfordringar, gøy å anerkjenne godt språk.

Kva oppgåver blir dei viktigaste for den nye språksjefen?

– Språksjefen må sørge for at vi når språkforpliktingane våre, sørge for å halde oppe språkdiskusjonen og setja inn tiltak. 90 prosent av det norske folket er i kontakt med NRK kvar dag. Vi er dermed i ein heilt utrugleg posisjon. Når nye ord, uttalar og omgrep blir tekne i bruk, er det ofte gjennom NRK dei blir allemannseige.

I løpet av dei siste åra har mediebruken endra seg mykje i Noreg. Folk ser mindre og

mindre på lineær-tv, medan bruken av digitale tenester aukar. I den nye teknologien må ein passe på at språket har ein viktig plass.

– Språksjefen må vera oppteken av teknologi og digitalisering. NRK er ein av dei institusjonane som i praksis digitaliserer språkbruken til folk. Vi leverer digitalt innhald med lyd, skrift og stemmestyring. All denne teknologien inneheld språk, og vi må passe på at alt blir utvikla på norsk. Dessutan har vi eit ansvar for både samisk og nynorsk i dei digitale tilboda.

Må bruke eit språk dei unge kjenner att

Det er nok inga overrasking at barn og unge er dei største konsumentane av digitalt innhald. Og det er mange aktørar som kjempar om merksemada til dei yngste. YouTube, Netflix og dataspel er blant dei argaste konkurrentane til dei tradisjonelle fjernsynskanalane. Korleis greier ein å nå fram til dei unge med eit norskspråkleg tilbod?

– Dette er kjernen i oppdraget vårt. Men vi kan ikkje tryggle folk om å sjå på NRK fordi det er på norsk. For 40 år sidan, da eg begynte å gå på kino, sa alle at «den filmen var kjempegod til å vera norsk». I ein slik situasjon tapar det norske språket. Vi må leve kvalitet i verdsklassen. Innhaldet må treffe dei unge og bli opplevd som like fantastisk, nytlig eller provoserande som verdas dyraste innhald frå Hollywood. «Skam» er eit godt eksempel. Eg heldt nyleg eit føredrag for fransk tv, dei elskar sin franske versjon, og den heiter faktisk «Skam» der òg.

Eriksen trekkjer også fram «17» og «18», ein dramaserie med fleirkulturelle tenåringsgutar frå Oslo aust i hovudrollene.

«Vi har eit stort ansvar for den langsigtinge språklege utviklinga, samtidig må vi vera relevante her og nå.»



Handlinga i serien går føre seg i heimtraktene til kringkastingssjefen, og han vedgår at han vart overraska over kor mykje språket har endra seg sidan han var ung.

– Eg fekk ei aha-oppleveling i fjor, da vi lanserte «17». Dei snakkar eit språk eg nesten ikkje forstår. Vi hadde aldri greidd å nå fram til dei unge viss vi ikkje hadde brukt språket deira. Ein kan meine mykje om «sjøtt» og «sjole» og «sjino», men vi er nøydde til å til-lata det språket folk kjenner seg att i. Før var nesten alt innhald i radioen manusbasert. Det var eldre menn som snakka førebudd og autoritært. Nå er meir av innhaldet direkte. Det er mindre førebudd og meir ekte. Det er eg stolt av, for det har auka aksepten for dialekt og mangfald. Dette er ein evig balanssegang. Vi har eit stort ansvar for den langsigtinge språklege utviklinga, samtidig må vi vera relevante her og nå.

Det å vera synleg gjev større aksept

Radiohuset på Marienlyst er i seg sjølv eit eksempel på balansegangen mellom det langsigtinge og det aktuelle. Her er ei hektisk mediebedrift i konstant endring ramma inn i eit verneverdig hus med høg arkitektonisk verdi. Men snart er NRK si tid på Marienlyst historie. I framtida kjem ikkje den øvste sjefen i NRK til å ha kontor blant teakmøblar og hemmelege gangar i fjerde etasje i radiohuset, men i eit toppmoderne bygg ein annan stad i Oslo-området.

Mykje kjem òg til å endre seg ved distriktskontora rundt omkring i landet. I samband med regionreforma er det varsla at det vil bli endringar i organiseringa av distriktskontora. I skrivande stund er det nett-

opp avgjort at dei nye sendingane i Oslo- og Viken-området skal sendast frå Fredrikstad. Eriksen er ikkje uroa for at endringane skal få konsekvensar for språket i NRK.

– Ein kan ha mange bekymringar rundt regionreforma, men eg meiner at dei tilpassingane NRK gjer, ikkje gjev grunnlag for språkleg bekymring. Vi kan ikkje vera dei einaste i verda som held fast på Østfold og Sogn og Fjordane. Det betyr ikkje at vi skal slutte å laga nyheiter frå desse stadene. Det ligg ingen planar i NRK om at tilpassinga av tilbodet skal føre til sentralisering av distriktstilbodet til NRK. NRK var ikkje perfekt før heller, vi må alltid vurdere nye satsingar.

Kor høgt oppe på dagsordenen er språkoppdraget når NRK endrar og utviklar organisasjonen sin?

– Den språklege debatten og medvitet er høgt oppe. Vi må stadig vega den langsigtinge utviklinga opp mot det som er relevant akkurat nå. Aksepten for språkleg mangfald i Noreg er heilt annleis i dag, noko eg trur NRK har litt av æra for. Hadde vi ikkje sleppt til alle dialektane i NRK, trur eg nesten vi framleis ville hatt utleigemannsar med «nordlendinger er uønsket».

– Vi har òg ansvar for tilgjengeleight: Personar med nedsett syn eller høyrsel skal ha eit eige språktilbod. NRK har mange program med teiknspråktolkning og teksting. Samtidig har teknologien gjeve oss mange parallelle tilbod. Sjølv om tilboda er tilgjengelege, er dei ikkje alltid like synlege, fordi ein kan velja dei bort. Vi veit frå samfunnet elles at det å vera synleg gjev aksept. Det er aldri bra å gøyme bort noko. •



Kong Harald med prisvinner Ánne Márvá Guttorm Graven og sametingspresident Aili Keskitalo.
Foto: June Bjørnback / Ságat

Samisk språkuke

Giellavahkku – Giellavahkko – Gielevåhkoe – Giällavahkkuo

Hans Majestet Kongen delte ut en ny språkpris under den samiske språkuka.

– DET VARMER MITT HJERTE at nettopp Kongen var en av de første som fulgte vår oppfordring om å bli med på å markere samisk språkuke, sa sametingspresident Aili Keskitalo.

Styrket språkstatus

I oktober markerte private og offentlige institusjoner og organisasjoner den samiske språkuka med arrangementer over store deler av landet. Målet var å løfte statusen til de samiske språkene og øke kunnskapen om samiske språk og kultur i hele samfunnet. «Sammen tar vi et større ansvar for at samiske språk høres, synes og brukes på alle samfunnsmråder», skrev sametinget.no.

Samisk språkuke er en del av Sametingets langstigte språksatsing «Språkløftet» og Sametingets hovedmarkering av FNs internasjonale år for urfolksspråk.

Viktig markering

Sametinget mener det er håp for de samiske språkene, selv om de blir sett på som utrydningstrykt. Samer blir stadig mer bevisste på språk og språkvalg. I områder der samisk ikke har vært brukt på en generasjon eller to, tar nå unge voksne språket tilbake og forsøker forsiktig å gi det videre til sine barn.

Det norske samfunnet har også tatt den samiske kulturen til seg, og samer i hele landet opplever større aksept for sin kultur og

sine språk. Tidspunktet for en felles språkdugnad kunne ikke vært bedre.

Historisk språkpri

Et høydepunkt under språkuka var utdelingen av språkprisen, som hedrer aktører, næringsliv eller foreninger som bidrar til å gjøre samiske språk synlige både lokalt og nasjonalt.

Ánne Májá Guttorm Graven er den før-

ste som har mottatt denne prisen. Hun fikk den for Snapchat-kontoen «Snaepmie», der man må snappe på et av de samiske språkene.

– «Snaepmie» har gjort samisk mer synlig på sosiale medier. Unge som ellers ikke ville ha hørt eller kommunisert på samisk, har fått en kanal der dette er mulig, sa sametingspresident Aili Keskitalo.

Samiske språk

FNs internasjonale år for urfolksspråk er snart over, og vi skal se nærmere på de samiske språkene og ordet *same*.

Ikke overraskende er *same* lånt inn i norsk fra samisk: *sápmi* (nordsamisk), *sábme* (lulesamisk), *saemie* (sørsamisk). Ordet betyr ‘person av samisk herkomst’, og det brukes også som et egennavn, om samefolkets tradisjonelle landområde Sameland, *Sápmi*.

Ni samiske språk

Sápmi strekker seg fra Femundsmarka i sørvest til Kvitsjøkysten av Kolahalvøya i nordøst. Over heile dette området bor samefolket. Samene er altså ett folk, men de snakker faktisk heile ni forskjellige språk: *sørsamisk*, *umesamisk*, *pitesamisk*, *lulesamisk*, *nordsamisk*, *enaresamisk*, *skoltesamisk*, *kildinsamisk* og *tersamisk*. Brukerne av nabospråk i dette beltet kan forstå hverandre til en viss grad, men nordsamisk og sørsamisk er for eksempel omtrent like forskjellige som norsk og tysk.

Nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk snakkes i Norge. Nordsamisk er det desidert største av alle de samiske språkene. I Norge er det utbredt over hele Finnmark og Troms. Lulesamisk snakkes i Tysfjord-området, mens sørsamisk brukes i Trøndelag og omegn. Umesamisk, pitesamisk og skoltesamisk var tidligere i bruk i Norge, men finnes

i dag stort sett bare i våre naboland.

Finsk-ugrisk språkfamilie

De samiske språkene tilhører den finsk-ugriske språkfamilien, sammen med finsk, kvensk, estisk og ungarsk samt ei rekke minoritetsspråk i grisgrindende deler av Russland. Ordet *same* ser ut til å være et særsmisk ord. Man har nemlig ikke klart å finne igjen slektninger av dette ordet i noen av de andre greinene av det finsk-ugriske familietreet. På overflaten likner ordet litt på *Suomi*, det finske navnet på Finland, og det har blitt lansert teorier om et mulig slektskap mellom de to ordene, men disse teoriene regnes ikke som veldig sannsynlige. (*Suomi* har finnene antakelig lånt inn fra baltisk, der det betydde ‘jord’, ‘land’.)

Same kommer altså fra samenes eget navn på sitt folk og heimland. I språkforskinga pleier man å skille mellom *endonymer* og *eksonymer*. Et endonym er folkets eget navn på seg sjøl (eller på sitt land eller sitt språk), mens et ekronym er navn som er satt på dem utenfra, av andre folkeslag. I dag opplever mange minoritetsfolk eksonymer som nedsettende og foretrekker å bli omtalt med endonymer. *Same* er altså

et endonym. På norsk brukte man tidligere eksonymer som *finn/finne* og *lapp*. Hvis du gjerne vil lære enda et fremmedord på -nym, kan det være greit å vite at både *same*, *finn(e)* og *lapp* er eksempler på *etnonymer*, dvs. navn på folkeslag.

Finner og lapper

Etymologien til ordet *finn/finne* er uklar, men én teori er at det er beslektet med verbet *å finne* og brukt som en betegnelse på folk fra et nomadisk jeger- og samlersamfunn, dvs. folk som «finner» maten sin i stedet for å dyrke den. En annen teori er at *finn/finne* kommer av en mye eldre betydning av verbet *finne* på urgermansk, nemlig 'gå/vandre'. Uansett er *finn* et svært gammelt ord som dukker opp allerede i romerske og greske skrifter fra begynnelsen av vår tidsregning. Den romerske historikeren Tacitus nevner flere folk ved navn *fenni* i Nord-Europa, og den greske geografen Ptolemaios snakker om *phinnoi*. Ut fra beskrivelsen av *fenni* som nomadefolk ser det ut til at ordet på den tida refererte til samene og ikke til de moderne finnene (som da hovedsake-

lig var blitt bofaste). Først mye seinere gikk man på svensk over til å bruke *finne* om folkeslaget i det sørlige Finland og begynte i stedet å bruke *lapp* om samene. På norsk fortsatte man å bruke *finn(e)* om samer fram til vår tid.

Lapp har sjølsagt sammenheng med landskapet *Lappland*. Ordet kommer fra det finske navnet på samme landskap, *Lappi*. Opphavet til *Lappi* er dessverre ukjent, men for ølhunder kan det være artig å merke seg at vi finner dette ordet igjen i et av Finlands mest kjente ølmerker, *Lapin kulta*, som betyr «Lapplands gull». Stusser du over at det er to p-er i *Lappi*, men bare én p i *Lapin*? Grunnen er at finsk har et grammatisk fenomen kjent som *stadieveksling*, dvs. at konsonanter og konsonantsammensetninger i midten av ord forandrer seg når ordet bøyes.

Samiske språk og finsk har mange fellestrekk i grammatikken. Også nordsamisk har stadieveksling, noe som forklarer hvorfor p-en i *sápmi* av og til glimrer med sitt fravær. Flertall av *sápmi* ('samer/samene') heter for eksempel *sámit*, og «samisk språk» heter *sámeigiella*.



Kong Harald besøkte Karasjok grunnskole under den samiske språkuka. Foto: June Bjørnback / Ságt

Språkrådet ønsker en tydeligere språklov

Intensjonene i språkpolitikken må bli mer synlige i lovteksten, skriver Språkrådet i sine innspill til den nye språkloven, som er ute på høring fra Kulturdepartementet.

SPRÅKRÅDET MENER DET ER svært bra at den nye språkloven hever statusen til både norsk, norsk tegnspråk, samiske språk og de nasjonale minoritetsspråkene. Det er også gledelig at lovens formålsparagraf slår fast at det offentlige har et særlig ansvar for å fremme det minst brukte skriftspråket, som er nynorsk.

Lovteksten må gjenspeile hovedmålene i språkpolitikken, og det offentliges ansvar for å fremme nynorsk er etter Språkrådets mening ikke understreket tydelig nok i alle deler av loven.

– Endringer i kommunestrukturen og overføringen av oppgaver fra staten til fylkeskommunene bør ikke føre til en innskrenking i virkeområdet for språkpolitikken. Tjenester som staten er pålagt å yte borgerne, framstår som statens tjenester, uavhengig av hvem som utfører dem. Da må statens språkregler gjelde for alle som utfører tjenestene. På den måten ivaretar vi språkbrukernes interesser, sier direktør i Språkrådet, Åse Wetås.

Større ansvar for fagspråk

Språkrådet ønsker videre at loven skal få en egen bestemmelse som gir det offentlige et særlig ansvar for å utvikle og bruke norsk terminologi, både på bokmål og nynorsk.

– Dersom vi skal sikre norsk som et fullverdig språk på alle områder i samfunnet, er det helt nødvendig at vi har norsk fagspråk og terminologi på alle fagområder, sier Wetås.

Lovforslaget slår fast Språkrådets ansvar for å føre tilsyn med vekslingen mellom de to norske skriftspråkene. Ansvarsområdet vil bli noe utvidet dersom fylkeskommunene skal pålegges den samme plikten som regionale statsorganer har i dag, altså plikt til å veksle mellom bokmål og nynorsk. Språkrådets ansvarsområde blir også utvidet dersom rådets veiledningsplikt blir utvidet til å omfatte samiske språk.

Plikt til rådføring i navnesaker

Etter lovforslaget skal Språkrådet gi statsorganer råd om skrivemåte og navneskikk før de gjør vedtak om navn eller navneendring. Språkrådet mener det bør tydeliggjøres i lovteksten at statsorganene har en selvstendig plikt til å rådføre seg med Språkrådet før de gjør slike vedtak. Plikten bør gjelde også for virksomheter som er eid av staten, eller som staten er majoritetseier i.

Et revisert forslag til ny språklov skal etter planen legges fram for Stortinget våren 2020 sammen med en språkmelding.

Klippe! sa kraftpatrioten

Substantivet *klippe* er trolig vanligere i bøker og blader enn i norsk dagligtale. Det kryr i alle fall av klipper både i Bibelen og i oversatt smusslitteratur. Hva kan grunnen være?

NÅR DET IKKE FØLGER med noen illustrasjon, kan det være vanskelig for en oversetter å vite hva *cliff* og *rock* skal oversettes med. Da er det godt å kunne ty til et diffust overbegrep som *klippe*. Men klippifiseringen av norsk stikker dypere enn dette.

Vi har ordet fra skriftfellesskapet med dansk, og det har over lang tid avleiret seg som et uoversiktlig konglomerat i steinrøysa.

Klippomani

Kraftpatriotene og nasjonalromantikerne var i sin tid opptatt av at den ville norske naturen skilte seg fra den tammere danske. Noen la sin elsk på de mest golde og ugjestmilde trekkene i norsk natur. Slik skilte de seg fra folk flest på bygda i Norge, som gjørne foretrak fruktbare egner. Den naturlige og sosiokulturelle forskjellen kan sammenfattes i ordet **klippe**.

«De norske klipper» stod lenge høyt i kurs. Men det var ikke mange innfødte på bygdene i «klippe landet» som omtalte fjellene omkring på denne måten. Derfor finner vi heller ikke klipper i norske stedsnavn.

Klippologi

I norsk har *berg*, *fjell*, *knaus*, *hammer*, *ufs*, *vegg*, *stup* og andre ord av naturlige årsaker rådd grunnen, så klippene har klemt seg inn der de kunne. Dermed er de nok blitt både mer spesialiserte og vase i norsk enn i dansk. I *Det Norske Akademis ordbok* står det under (1):

litterært, mest foreldet: fjell, (høyt) berg

Den overførte betydningen står under (2) i den samme ordboka, slik:

særlig brukt i bibelspråk, litterært som uttrykk for noe fast og urokkelig, noe man trygt kan bygge på, noe som ikke svikter; se også *anstøtsklippe*

Bokmålsordboka opererer med en betydning 2 'fjellgrunn', men har bare dette eksempelet: «bygge sitt hus på en klippe, på klippen», etter en gammel (dansk) oversettelse av Matteus 7,24.

I dansk brukes *klippe* i mye større grad konkret (ikke bare abstrakt og litterært) om fjellgrunn og om fjell og (nakent) berg i det hele tatt. Konkrete *klipper* i norsk er relativt oftere stupbratte fjellvegger eller høye og/eller forrevne berg i eller ved sjøen.

Det danske klippebegrepet er altså videre enn det norske. Det er betegnende at *et skjær* (skær) ifølge *Den danske ordbog* er en slags «klippe» ('mindre, ofte skarp eller spids'), mens det ifølge norske ordbøker er en slags «bergrygg» i sjøen.

Klippifisering – vår frelses klippe

Klippene har vært gode å ty til for bibeloversetterne også. Bygger man på *klippen*, slipper man ofte å ta stilling til hva fjellformasjonene i Midtosten svarer til på norsk, både de konkrete og de metaforiske.

Lenge prøvde man å finne norske motstyrker. Allerede i 1930 var det ovennevnte huset hos Matteus bygd *på fjell*. Fra 1930 til 1978 ble antallet klipper i Bibelen skåret ned



med over femti prosent til fordel for berg, fjell, hamrer og knauser. Men siden ble det innført klippekort. I den siste bibeloversetelsen (2011) er klippeantallet mer enn dobbelt! Det er flere klipper enn i 1930. Libanons *berg* og Horebs *berg* er «klippet» bort, og nynorskbibelen har fått sine tre første klipper.

Som språklig bergart i norsk har klippen altså både sedimentære, metamorfe og eruptive egenskaper.

Knudsen og klippe-påsen

Ivar Aasen ville sikkert ha ristet på hodet over utviklingen, og det er nok ikke for tabloid sagt at Knud Knudsen ville ha rast! I *Norsk blandkorn* (bind 3, 1885) skrev han:

Krakkemål-stræverne fægter med næb og klør for fræmmemedordene, fordi hvært av disse siges at gi sit inhåld en egen «Nuance» eller «Biforestilling», som skal være så rent umistelig; men de Nuancer, som nys nævnte flerhet av norske ord gir, dem har de intet øje eller bruk for. Fjellet blir Klippe, flåget blir Klippe, hamaren blir Klippe, ufsen blir Klippe, stupet blir Klippe, avgrunnen blir Klippe, ovdjupet blir Klippe, løjpen (timmerkastet) blir Klippe, kastet blir Klippe, skåtet blir Klippe og «rupes Tarpeja» (i Rom) blir likeledes Klippe, blir den «tarpejiske Klippe». Alle våre norske «Nuancer» blir puttet ned og gjømt bort i den tyske Klippe-påse. •

Språkkunnig prisvinnar

Forfattar Kristin Fridtun er vinnar av Språkprisen 2019. Forfattaren formidlar fagkunnskap og argumenterer ryddig og lettfatteleg i tekstar med karakteristiske innslag av språkleik og humor.

KRISTIN FRIDTUN FEKK PRISEN for bøkene *Kjønn og ukjønn. Ordhistoriske essay* (2015), *Homoflokar* (2018) og *Språket er ei bukse. Om biletbruken i norsk språkdebatt* (2019).

Fridtun er mest kjend som ein framifrå formidlar av språkkunnskap, og som samfunnsdebattant med spesiell interesse for kjønn. Gjennom ei rekke bøker har ho gått i djupna på kjønnsroller, identitet og transproblematikk.

Mangfaldig formidlar

Fridtun skriv konservativ nynorsk med så god flyt at lesaren raskt venner seg til former som «mestsom» og «andsynes». Saman med dei personlege erfaringane ho flettar inn, har ho såleis utvikla ein stil det er lett å identifisere som «fridtunsk», skriv juryen.

I forfattarskapen er ho innom mangfaldige emne. Ho driv etymologisk utgraving

baset på solide kunnskapar i norrøn filologi. Kombinasjonen av gode analytiske evner og evna til å sjølv finne klargjerande språklege bilete gjer Fridtuns tekstar både lærerike og underhaldande. Fridtun lærer oss å vere meir kritiske i omgang med dei orda vi røyner verda med.

Dei andre nominerte til årets språkpris var Are Kalvø, det digitale leksikonet *Allkunne* og firebandsverket *Norsk språkhistorie*.

SPRÅKPRISEN

- Språkprisen er Språkrådets pris for framifrå bruk av norsk språk i sakprosa.
- Prisen er på 100 000 kroner og blir delt ut annakvart år for bokmål og nynorsk.
- Juryen har bestått av Sverre Tusvik (leiar), Toril Opsahl, Merete Røsvik og Knut Hoem.

Kristin Fridtun takkar for prisen frå Språkrådet.
Foto: Alexander Øvrebø / NTB scanpix



Med andre ord

I denne spalten tar vi opp stort og smått om forholdet mellom norske ord og importord, først og fremst engelske.



Foto: Kyle McDonald / Wikimedia

Ord fra Stillehavet

MANGE ORD HAR REIST langt før de kom inn i det norske språket. Av de mest langreiste er *kiwi* og andre ord fra øyene i sørøst.

Kiwi på bærtur

Bæret *kiwi* (*Actindia chinensis*) stammer egentlig fra Kina. Men selve ordet stammer fra maorispråket på New Zealand, der det opprinnelig er navnet på nasjonalfuglen *kiwi* (fornorsket til *kivi*), en stjert- og vingeløs fugl. *Kiwi* er også blitt et kallenavn på newzealendere. Newzealanderne kultiverte det lodne bæret (som het *chinese gooseberry* på engelsk) og eksporterte det verden rundt under merkenavnet *kiwi*.

Tabuord og noaord

Maori er navnet på både det polynesiske språket og det polynesiske folkeslaget på New Zealand. Det betyr egentlig 'hjemlig, av det vanlige slaget'. Et annet ord for urfolk i Stillehavet, som også har vært brukt på norsk, er *kanak*. Det kommer av et polynesisk ord for 'menneske', *kanaka*.

De mest kjente språkene i den polynesiske språkfamilien er samoansk, tongansk, tahitisk, hawaiisk og maori. Fra polynesisk har vi importert det tradisjonsrike treklovere *tabu*, *noa* og *tatovering*, jf. *Bokmålsordboka*:

- *tabu* (gjennom engelsk *taboo* fra polynesisk 'hellig, forbudt') forbud mot bestemte handlinger eller mot å nevne eller røre visse mennesker, dyr eller ting

- *noaord* (av polynesisk *noa* 'alminnelig, ikke hellig') i språkvitenskap: erstatningsord som brukes når det anses for farlig eller skadelig å nevne det rette ordet; jamfør tabuord; *Gamle-Erik* eller *hinmannen* er noaord [for *djevelen*]

- *tatovere* (gjennom tysk *tätowieren*, fra engelsk *tattoo*, av polynesisk *tatau* 'tegn, maleri, tegning') prikke eller risse varige bilder, bokstaver eller mønstre inn i huden ved hjelp av et skarpt redskap og tusj, sot eller lignende

Polynesia, Mikronesia og Melanesia

Navnet på øygruppene, folkeslagene og språkgruppene i Stillehavet er laget av gammelgreske elementer. *Nesos* er gresk for 'øy', *polys* for 'mange', *mikros* for 'liten' og *melas* for 'svart'. *Polynesia* er altså 'de mange øyer', *Mikronesia* 'de små øyer' og *Melanesia* 'de svartes øyer'.

Legger vi til at *indos* er gresk for 'indisk', skjønner vi at *Indonesia* betyr 'de indiske øyer'. Men da er vi på vei over i et annet hav.



Foto: HBO

Norrønt i beste sendetid

Sjå for deg at du opnar innboksen og får auga på ein openberr søppelpost. I staden for å slette han les du innhaldet. Halvtanna år seinare står du på den raude løparen, klar for premiere. Og alt dette har skjedd fordi du er lingvist. ►

AV SIGRID SØRUMGÅRD BOTHEIM



OMTRENT SLIK GJEKK DET TIL da André Nilsson Dannevig fekk ein e-post frå seriekasar Anne Bjørnstad. Ho var ute etter språkvitarar som kunne hjelpe henne med å utvikle språk til ein dramaserie for tv-kanalen HBO. I serien skulle det dukke opp fortidsmenneske frå ulike tidsepokar, og her skulle det ikkje takast nokon språklege snarvegar.

– På denne tida var eg tilsett ved MultiLing – Senter for fleirspråklegheit ved Universitetet i Oslo. Anne hadde funne namnet mitt på ei oversikt over vitskaplege assistenter og sende meg ein e-post. Universitetet hadde slite med søppelpost i denne perioden, så da eg såg orda *tv-serie* og *HBO* i titelfeltet, var eg sikker på at det berre var tull. Men det kunne ikkje skada å klikke seg inn, tenkte eg, og da skjønte eg fort at det var ein seriøs førespurnad, seier Dannevig.

Han kjende til to andre lingvistar på universitetet som også passa inn i prosjektet. Og når kontakten med serieskaparane var etablert, var det inga tid å miste.

– Anne spurde meg når det passa å møtast. I morgen, svarte eg. Etter det gjekk alt ganske fort.

Resultatet har vorte til serien «*Beforeigners*», som hadde premiere denne hausten.

Steinalderspråk, norrønt og dannet dagligtale

Det boblar og syd i havet utanfor operaen i Oslo. Mystiske skapningar begynner å dukke opp. Det viser seg at det er menneske frå ei anna tid som har hamna i vår tidsalder. Fortidsmenneska kjem frå tre ulike periodar: steinalderen, norrøn tid og 1800-talet. Dette er grunnideen i serien «*Beforeigners*», eller «*Fremvandrerne*», som han blir kalla på norsk.

Anne Bjørnstad, som har skrive serien saman med Eilif Skodvin, fortel at dei la stor vekt på språket til framvandrarane.

– Serien handlar om flyktningar som

«Det er ein milepåle for nordiske språk at norrønt er på skjermen på denne måten.»

LINGVIST ALEXANDER K. LYKKE

kjem frå fjerne tider. Universet vi har laga, skal på eitt nivå fungere som ein allegori over eit fleirkulturelt samfunn, og da blir språket ein viktig del. Språket heng så tett saman med identiteten vår og røper med ein gong om du høyrer til majoriteten eller ein av minoritetane.

De har brukt mykje ressursar på språkarbeidet i denne serien. Men det er vel ikkje så mange som hadde merka forskjell om personane hadde snakka islandsk i staden for norrønt?

– Målet vårt var at det skulle vera truverdig for sjåarane at menneska på skjermen hadde reist i tida, og da vart språket eit viktig verkemiddel. For dei fleste sjåarane er det berre ein nyanseforskjell mellom norrønt og islandsk. Men vi trur nettopp at nyansane er avgjerande i ein slik serie. Sidan det norrøne språket er så godt dokumentert, meinte vi det måtte vera mogleg å få det til. Vi meiner dessutan at det har ein stor estetisk verdi at vikingane brukar vikingspråk.

Med fleirtemporal bakgrunn

Flyktningane i «*Beforeigners*» kjem ikkje frå andre land, men frå andre tider. Difor er det mange nyord i serien som blir brukte for å skildre dei som har vandra framover i tida. Orda minner om ord vi brukar i dag for å skildre ulik geografisk tilhørsle og nærtståande fenomen, og såleis verkar dei både



Julian Kirkeby Lysvik, André Nilsson Dannevig og Alexander K. Lykke. Foto: privat

litt kjende og litt framande. *Rasisme* er ikkje lenger eit problem i serien, der har *tidsismen* teke over. Staten har sjølv sagt oppretta eit *framvandringsdirektorat* for å handtere den store tilstrøyminga. Ordet *viking* blir oppfatta som nedsettjande, det er meir korrekt å seia *person med norront opphav*.

– Eilif og eg har arbeidd som humor-tekstforfattarar, vi er glade i å leike med ord. I starten av prosjektet, før vi hadde skrive manus, ville vi sende noko til HBO som kunne gjeva dei eit inntrykk av det mang-faldige universet vi såg for oss i serien. Så vi starta med å laga ei liste over nyord i *Beforeigners*-universet. Det var ein bra måte å utvikle serien på, seier Bjørnstad.

Er serien ein kritikk av språket vi brukar om flyktningar i dag?

– Vi har ikkje hatt noko spesielt mål eller nokon politisk agenda med serien. Det var meir eit ønske om å utforske fenomenet innvandring. Når ein endrar verkelegheita litt, er det lettare å ta for seg sensitive tema på

ein lettbeint måte, for alle kan vera med på humoren. Ein kan le av underlege situasjoner og kulturar som krasjar utan å måtte ta stilling i debatten.

Eit konstruert urspråk

Dei «eldste» innvandrarane i serien kjem frå steinalderen, fleire tusen år før Kristus. Julian Kirkeby Lysvik fekk det omfattande oppdraget med å skapa eit språk til desse urtidsmenneska. Språket fekk etter kvart namnet mesolittisk. Lysvik, som til dagleg er stipendiat ved Universitetet i Oslo, fortel at det er umogleg å rekonstruere eit språk så langt attende i tid på ein vitskapleg måte. Steinaldermenneska i Norden snakka ganske sikkert eit språk som ikkje er i slekt med dagens norsk.

– Dette er lenge før den urindoeuropeiske tida, så vi veit lite om kva språk som vart snakka i Noreg. Det finst språkrestar i Europa som ikkje stammar frå urindoeuropeisk. Slike språk er truleg leivningar frå tida før indoeuropearane kom. Baskisk er eit eksempel på eit slikt språk. ►

Sidan flyktningane i «Beforeigners» ikkje kjem frå andre land, var det viktig for seriekasarane at dei ikkje skulle ha ein aksent som høyrest kjent ut. Steinalderspråket skulle ikkje minne om andre språk. Lysvik tok difor utgangspunkt i korleis uttalen og aksenten skulle høyrast ut. Så laga han rett og slett eit språk ut frå det, med eit fullverdig og avansert grammatisk system.

– Eg har lånt fenomen frå mange ulike språk for å byggje dette urtidsspråket, mellom anna frå baskisk, persisk og hebraisk.

Grammatikken i mesolittisk har heilt andre system enn vi har i norsk, forklarar Lysvik. I norsk har vi nominativ og akkusativ, som inneber at vi seier *eg* i subjektsform og *meg* i objektsform.

– Mesolittisk har eit system som kallast absolutiv-ergativ. Der markerer ein subjektet i staden for objektet. Dette finn vi i baskisk og i nokre språk i India. Mesolittisk er i tillegg det vi kan kalle eit hovudfinalt språk,

der verbet blir plassert lenger ut i setninga enn i norsk. På mesolittisk kan ein for eksempel seia *eg pizza et*. Det er eit svært verbungt språk. Verbet gjer mykje av den grammatiske jobben og kan fortelja mykje om både subjektet og objektet.

Ein milepåle for nordiske språk

Hovudpersonen i «Beforeigners», Alfhildr Enginnsdóttir, har framvandra frå rundt år 1000. Ho har norrønt som morsmål, og i mange av scenene i serien blir det snakka norrønt. Takk vere Alexander K. Lykke har norrøne gloser vorte stor underhaldning.

– Så vidt eg veit, er det fyrste gong norrønt er på skjermen på denne måten. Det er ein milepåle for nordiske språk.

Lykke er stipendiat ved Universitetet i Oslo og forskar på endringar i språket til tospråklege amerikanarar med norsk som morsmål. Tidlegare har han drive med historiske disiplinar, spesielt latin og norrønt.



Ágústa Eva Erlendsdóttir som Urðr Sighvatsdóttir og Krista Kosonen som Alfhildr Enginnsdóttir.

Foto: Eirik Ejjen / HBO



Oddgeir Thune som Navn Ukjent.

Foto: Lukas Salna / HBO

– Dei norrøne tekstane vi har, er nedskrivne på ulike tidspunkt. Nokre har eit meir arkaisk språk enn andre. Eg har konsekvent valt dei eldste formene eg kunne finne. Så det er ikkje snakk om nokon rekonstruksjon, eg har brukt den norrøne ordboka aktivt.

Nettopp *Norrøn ordbok* har bydd på ei utfordring, sidan ho berre inneheld omsetjing frå norrønt til norsk.

– Det finst ingen ordbøker som omset frå norsk til norrønt. Det kunne vore eit nyttig læringsverktøy, så nokon må gjerne gjeva eit tilskot til ei slik ordbok! Dersom det er nokre velgjerarar der ute som ynskjer seg meir norrønt språk i samfunnet, kan dei gjerne ta kontakt med meg. Det å omsetja til grammatiske riktig norrønt er ei utfordring i seg sjølv. Eg er mest redd for å bruke feil kasus eller gjera kongruensefel. I tillegg er det mange konsept og talemåtar som ikkje fanst i norrøn tid. Det er ikkje vanskeleg å omsetja *la oss gå* rett til norrønt, men korleis skal ein omsetja meir talespråklege uttrykk som *kom igjen* og *vi stikk?* Ofte har eg valt ein rett fram måte å seia ting på, som *la oss gå*. Det er ikkje sikkert at ei slik vending var gamalmodig på norrønt.

Talefjøl og lovvaktar

Lykke fortel at mange er oppglødde over nokre av dei norrøne nyorda han har laga.

– Eg kalla smarttelefon for talefjøl, altså *talafljøl* på norrønt. Alle synest det er morosamt, samtidig som det er noko alle kan forstå. Men eg strevde da eg skulle finne eit ord for politi. Det kunne for eksempel heitt *logvørdr*, altså ein som vaktar lova. Men det syntest serieskaparane vart for fjernt og lerd, så vi brukte *politi* med norrøn uttale i staden. Det er naturleg at dei norrøne ville lånt ord frå nátnidsnorsk, så det var ei god løysing. ►



Serieskaparane Anne Bjørnstad og Eilif Skodvin.
Foto: Agnetha Brun

«Vi starta med å laga ei liste over nyord i Beforeigners-universet.»

SERIESKAPAR ANNE BJØRNSTAD

DØME FRÅ ORDLISTA FOR SERIEN

Anti-Tidsistisk Senter (org.): frivillig organisasjon som jobber med å bekjempe diskriminering av fremvandrere

én-åtter (subst., slang): person som er født på 1800-tallet

håndsol (subst., fremvandrer-slang): lommelykt

Jeger&Sanker (idiom., egennavn): populær dating-app for beforeigners

pungmøyer (subst., pl., fremvandrer-slang, nedsettende): den store gruppen moderne menn, som etter vikingenes syn ikke er ekte mannfolk

svømmeknappen (subst., nedsettende): beskriver det digitale ID-kortet fremvandrere får når de er ferdige med registreringsprosessen hos FDI

vindpinne (subst., fremvandrer-slang): hårføner



Nicolai Cleve Broch som Lars Haaland og Krista Kosonen som Alfhildr Enginnsdóttir. Foto: Eirik Evjen / HBO

Kva med uttalen, veit vi noko om korleis norrønt høyrdest ut?

– Vi veit ganske mykje om korleis lydane vart uttalte. Da dei begynte å skrive norrønt med latinske bokstavar på 1000-talet, skrev dei slik dei snakka. Dei brukte skriftkunnskapen frå latin til å skrive så likt talemålet som dei greidde. Vi har òg nokre fantastiske kjelder frå Island frå 1100- og 1200-talet. Det er ganske sofistikerte grammatiske analysar av språket. I tillegg har vi ein stor historisk-komparativ forskingstradisjon, der ein knyter det gamalnorske til germansk og indo-europeisk.

Men sjølv om vi veit mykje om korleis

dei ulike lydane vart uttalte, veit vi lite om setningsmelodien. Her måtte serieskaparane gjera nokre kreative val, seier Lykke.

– Tonefallet i norrønt var neppe heilt likt noko av dei moderne nordiske språka. Men serieskaparane bestemte seg for at det norrøne språket skulle ha eit islandsk tonefall, fordi eit norsk tonefall ville klinge litt for kjent. Det var eit poeng at det skulle vera litt meir framandt.

Moderne klokkardansk

André Nilsson Dannevig, han som fekk den første e-posten med spørsmålet om å bidra til serien, har sjølv hatt oppgåva med å røkte

«Eg har lånt fenomen frå mange ulike språk for å byggje dette urtidsspråket.»

LINGVIST JULIAN KIRKEBY LYSVIK

språket til framvandrarane frå 1800-talet. Han fortel at det var ei utfordring å finne ein balansegang mellom dansk og moderne norsk. Dannevig tok utgangspunkt i talemålet til overklassen i Oslo på slutten av 1800-talet.

– Eg arbeidde mykje med uttalen, og eg bestemte meg for nokre ting vi skulle leggje vekt på. Eg ville ikkje at det skulle vera for ibsensk, men personane skulle heller ikkje låte som nåtidsmenneske. Eg la inn nokre ting som ikkje er riktige, for eksempel blaute konsonantar. Dei seier *pibe* i staden for *pipe*. Andre talemåtar er meir realistiske, som at dei uttalar *også* som «åkså», ikkje «åsså», som vi ville sagt i dag. Språket vart ein slags modernisert klokkardansk med svært tydeleg uttale.

Kva har endra seg mest i språket dei siste hundre åra?

– I Oslo har det endra seg ein god del. Ein del av variasjonen i dialektmangfaldet er borte. På slutten av 1800-talet snakkar ein gjerne om to «bymål» i Oslo: folkemålsvarianten og riksmålsvarianten. I folkemålet sa ein for eksempel «ævva» i staden for «øyene», og trykket låg på første stavning i ord som «avis» og «stasjon». Denne varianten har likskapar med det som blir kalla austkantdialekt i dag. Riksmålsvarianten hadde trekk frå dansk, som «farve» i staden for «farge», monofongar i ord som «røk» og «slev» og bortfall av hokjønnsformer. Sidan framvandrarane frå 1800-talet representerer den vesle delen som snakka ein slags danna daglegtale, har eg meska meg i hankjønnsformer, monofongar og det som vil bli oppfatta som klar diksjon.

Gamalsamisk gjestespel

I ei av fortidsscenen i «Beforeigners» er Alfildri i Finnmark, der ho møter nokre samar. Julian Kirkeby Lysvik, som jobba med steinaldersspråket, tenkte at det umogleg kunne la seg gjera å laga replikkar på gamalsamisk. Dei eldste samiske tekstane stammar frå 1600-talet. Men plutselig dukka kollega Rolf Theil opp. Han kunne fortelja at han akkurat hadde skrive ein artikkkel om gamalsamisk, så han tok jobben med å rekonstruere språket, fortel Lysvik.

– Rolf Theil har sett på dei ulike samiske språka og funne fellestrekks som dei kunne ha utvikla seg ut frå. Så det er sannsynleg at den rekonstruerte gamalsamisen er ganske realistisk. Den fyrste setninga ein hadde hørt på gamalsamisk på veldig, veldig lenge, var «eg vil kysse han der sola aldri skin», he-he.

Anne Bjørnstad visste ikkje før på premieren at gamalsamisen var rekonstruert og ikkje fri diktning. Da lingvistane fortalte det til henne, vart ho nokså overraska.

– Eg fekk heilt gåsehud. Det er ganske stort, vi har laga replikkar på eit språk som ingen har snakka på 1000 år.

Ho rosar både skodespelarane og lingvistane for arbeidet dei har lagt ned.

– Eg trong nokon som hadde spesialkunnskap, og som samtidig var interesserte i formidling og kunne vera litt frie. Det var eit gjennombrot da eg fekk kontakt med André, Alexander og Julian. Dei tok saka, og eg følte at dei skjønte alt med éin gong. Dei var ei gávepakke for prosjektet. Det ville ha vore umogleg å få det like bra utan dei. ●

Egentlig så er det ikke så dumt

Nordmenn har sterke meninger om ordet *så*: Det er overflødig, barnslig og unødvendig. Stemmer det?

AV CHRISTINE MEKLENBOORG SALVESEN

FOR EN STUND SIDEN gjennomførte jeg en undersøkelse om ordet *så*. Jeg ville vite mer om hva nordmenn (og svensker, dansker, tyskere, islendinger, nederlendere og sørifrikianere!) syntes om setninger der vi har skutt inn et *så* etter den aller første ordgruppa. Et eksempel er «etterpå *så* skal vi snakke mer om dette». Som en trofast radiolytter har jeg merket meg at *så* sniker seg inn nesten overalt i talespråket. Og da jeg for noen år siden var vikar i norsk på en ungdomsskole, så jeg at det også har lurt seg inn i det skriftlige. Det måtte noen runder til med rødpennen for å få luket det ut av elevenes stiler.

Gruff

Før jeg gikk i gang med undersøkelsen, forventet jeg at nordmenn skulle ha en ganske liberal holdning til bruk av ordet *så*. Det skulle imidlertid vise seg at rødpennene har hatt en virkning. Når deltagerne i spørreundersøkelsen skulle kommentere oppgavene de var blitt bedt om å svare på, kom det opp mye gruff. Veldig mange kunne fortelle at *så* ikke var så vanlig der de var fra, men i andre deler av landet. Sørlandet mente

det var vanlig på Østlandet, østlendingene mente det var vanlig i Trøndelag, trønderne mente det var typisk på Vestlandet, og så videre. Ingen skulle ha det på seg at de sa *så*. Og når det gjaldt å gi poeng til setninger med *så*, var nordmennene nådeløse. Jeg har en mistanke om at svensker og nordmenn bruker *så* omtrent like mye, men nordmennenes vurderinger av slike setninger lå omtrent ett poeng lavere enn svenskene. Det er mye når skalaen går fra én til fem.

Noe som selvfølgelig gjør det vanskelig å vurdere *så*-konstruksjonen, er at den tilhører det muntlige språket. Vi er ikke vant til å se den skriftlig, og dermed blir det vrient å skulle vurdere den i en skrevet tekst. Vi ville sannsynligvis haft like vanskelig for å vurdere setninger som *Jeg så'n i går*. På østnorsk er det helt standard å si det, men vi skriver det bare ikke.

Fyllord

En av de vanligste kommentarene jeg fikk i undersøkelsen, var at *så* er et fyllord. Overflødig, töysete, barnslig. En respondent skrev sågar at det er barnespråk, og at det var utenkelig at barnas foreldre snakket på

denne måten. Jeg er temmelig sikker på at det siste ikke stemmer. Et annet spørsmål er om ordet *så* er overflødig. Se på setningene under:

1. Nå så vet vi ikke hva vi skal gjøre.
2. Etterpå så skal vi spise pizza.
3. Da de kom hjem, så satte de seg i sofaen.
4. Hvis du ikke har noe bedre forslag å komme med, så foreslår jeg at du tier helt stille.

I alle disse setningene kan *så* fint strykes uten at det endrer noe av meningsinnholdet. Og dersom leseren er i besittelse av en rødpenn, vil jeg anta at det er den første setningen som får det til å rykke mest i skrivehånden. Det kan nemlig se ut til at det er lettere å akseptere *så* etter et litt langt førstledd. Dersom førstleddet er en leddsetning, som i 3 og 4, er bruken av *så* langt mindre provoserende enn når førstleddet er et kort adverb, som i 1. Det at førstleddet er en betingelsessetning i 4, gjør det nesten akseptabelt, også skriftlig, å bruke *så*. Til og med i engelsk – som egentlig ikke har denne typen konstruksjoner – kan man tillate seg å smette inn et lite *then* etter en betingelses-setning: *If everything you tell me is true, then you're in trouble.*

Klargjørende

Allikevel er det ikke slik at *så* bestandig er overflødig. Noen ganger kan dette lille *så*-et faktisk være klargjørende. Se på denne setningen:

5. På lørdag sa han at han ikke kunne komme.

Hva betyr egentlig setningen? Eller, for å være enda mer presis: Hva skjer/skjedde på lørdag? Var det da han *sa at* han ikke kunne komme – eller var det da han ikke kunne

komme? Vi kan omskrive setningen til de to variantene i b og c. Vi vet ikke hvilken av dem setning a tilsvarer.

6. a. På lørdag sa han at han ikke kunne komme.
- b. Han sa på lørdag at han ikke kunne komme.
- c. Han sa at han ikke kunne komme på lørdag.

Uten mer kontekst er det altså komplett umulig å tolke setningen. Derimot blir det krystallklart om vi setter inn et *så*.

7. På lørdag så sa han at han ikke kunne komme.

Med *så* etter *på lørdag* skjønner vi at det var *da han sa* at han ikke kunne komme. I denne setningen kan ikke *på lørdag* bety at det er da han skal (eller ikke skal) komme.

Lokal binding

Så kan man lure på hvorfor i all verden et bittelitt «fyllord» som *så* kan gjøre så mye med tolkningen av en setning. Sammen med Terje Lohndal, professor ved NTNU, har jeg drodlet om dette, og vi har kommet til at *så* bare kan brukes når leddet foran er lokalt. Det vil si at det må knytte seg til det nærmeste verbet. Perioden i 5 har to verb: *sa* og *kunne komme*. *Sa* er verbet i oversetningen, mens *kunne komme* er verbet i leddsetningen. Når vi setter inn *så*, som i setning 7, markerer vi at ordgruppen foran hører til verbet i oversetningen.

Kontrast

Altså kan det være at *så* ikke er fullstendig overflødig og töysete. Selv om ordet i seg selv ikke betyr noen verdens ting, kan det være oppklarende. I tillegg til å kunne fjerne tvetydigheter (som i setningene over) kan det tilsynelatende ha en funksjon til: Det



Gustav Vasas bibeloversettelse (her fra 1541) har en rekke forekomster av så.

«Noen ganger kan dette lille *så*-et faktisk være klargjørende.»

kan markere kontrast eller introdusere noe nytt. Se på eksempel 8:

8. Til skolen så sykler jeg.

Sannsynligvis rynker leseren kraftig på nesen nå og griper etter rødpennen. Men hva om vi legger til litt mer, slik at det blir en klar kontrast i setningen:

9. Til skolen så sykler jeg, men til butikken tar jeg buss.

Da jeg testet setningen over, syntes selv kritiske nordmenn at den var ganske grei. En variant av den første setningen, nemlig *til saken så kom han*, ble derimot blankt avvist. Dette tyder på at det er mye lettere å godta *så* når det er en klar kontrast til stede. Kan hende er det denne kontrasten som i utgangspunktet fremmer bruken av det lille ordet.

Nå så

Noe lignende kan forklare hvorfor vi tillater den litt underlige sammensetningen *nå så*. (Her må *tillate* leses som «bruke uten å tenke over det», ikke som «klappe entusiastisk i hendene».) Dette er nemlig noe vi hører ofte i hverdagslivet (selv om nordmennene i min undersøkelse ga strukturen lav score). Det er i utgangspunktet ganske pussig at et så kort adverb som *nå* blir fulgt av et like kort ord som *så*. Jeg ønsker ikke å være påståelig, men jeg tror kanskje at vi med denne konstruksjonen antyder noe i retning av «nå, derimot», «allikevel», «til tross for dette» – altså en ganske subtil kontrast.

10. Tidligere ville han ikke være med på ferie, men nå så har han bestemt seg for å bli med.

Løvetannord

Så er på mange måter et løvetannord i språket. Det er blitt forsøkt luket ut av norsklærere så lenge vi kan huske. Allikevel lever *så* i beste velgående, skjønt bedre i talespråket enn i skriftspråket. Når ord og strukturer overlever over lang tid, er det fordi de har en funksjon. Språket har en egen evne til å kvitte seg med elementer det ikke har bruk for. Det peker også i retning av at *så* ikke er like overflødig som informantene mine mener.

Faktisk finner vi tilsvarende strukturer helt tilbake i norrønt – men med *þa*, som er forløperen til *da*.

11. En ef eigi er til þa skal naust gera (Magnus Lagabøters landslov).
‘Men hvis det ikke finnes [noe naust], da skal de bygge naust.’

Det finnes riktignok noen få slike eksempler med *swa* (forløperen til *så*), men de er sjeldne. Det er *þa* som er normen.

Gammelsvensk

Jeg har systematisk gått gjennom bruken av *tha* og *så* i svensk fra 1200-tallet og opp til 1700-tallet. Svensk har den fordelen at det finnes mange kilder, og at de finnes i tilgjengelige digitale banker, som Korp fra Göteborgs universitet. I de eldste svenska lovtekstene finnes *tha* overalt. Det skyldes naturligvis formen på en lov: hvis X så Y – eller um X *tho* Y, som en svenske ville sagt

«Ordet så lever i beste velgående, selv om norsklærere har forsøkt å luke det ut så lenge vi kan huske.»

det på 1200-tallet. I den aller eldste perioden har jeg funnet mer enn 4000 eksempler på *tho* – men bare 7 med *sva* (forløperen til *så*). Så, på 1500-tallet, skjer det noe oppsiktsvekkende: *Så* tar over. Framover på 1700-tallet forsterkes effekten, og i dag er det *så* som er det foretrukne «fyllordet» i svensk, som på norsk. Med andre ord skjer det et brått skifte rundt reformasjonen.

Et naturlig spørsmål er: Hvorfor skjer dette? Vi ser at språket har en konstruksjon som det åpenbart drar nytte av, nemlig innsetting av et lite ord etter et langt førstedeidd. Med en ganske rigid ordstilling der verbet må stå på andre plass, gjør dette fyllordet det lett å restarte en setning når førstedeidet er langt (for eksempel en leddsetning). Med andre ord er selve strukturen på plass og fullstendig innarbeidet. Men hvorfor er stattes *tho* og *ha* i stor utstrekning med *så*?

Vi vet ikke. Få ting er vanskeligere enn å plukke ut én enkelt grunn til en endring. Men vi kan spekulere. *Th*-lyden forsvinner i den mellomnorske perioden (1350–1500) og omtrent samtidig i svensk. Kanskje det er derfor det blir usikkerhet rundt bruken av ordet, spesielt siden *tho* og *så* er relativt like?

Lavtysk påvirkning?

En annen ting er at *så* etablerer seg i en periode med viktig (lav)tysk innflytelse. Hansaen har lenge vært viktig både for økonomi og språk, og på 1500-tallet kommer reformasjonen og oversettelsen av Martin Luthers bibel. I tyske og nederlandske tekster fra denne perioden er *so* svært utbredt, som i denne setningen fra nederlandskskrift rundt år 1300.

12. Dar na so quam Ihesus in Peters hus
(middel-nederlandsk).
‘Etterpå så kom Jesus til Peters hus.’

Det interessante er at en slik konstruksjon er komplett umulig i moderne nederlandsk og tysk. Man kan rett og slett ikke sette inn noe *so* her. Men i norsk og svensk? Vi setter det inn uten å heve et øyenbrynn. Tilfelldig? Kanskje. Eller ikke. Det kan faktisk tenkes at *så* kom inn i språket gjennom denne kontakten med det lavtyske området. Siden vi allerede hadde strukturen, bød det ikke på noen problemer for oss å ta inn dette lille «fyllordet». Og når lydene i *tho/ha* var midt i en endringsprosess, var det kanskje enda lettere å adoptere *so*? Sikkert er det i hvert fall at Gustav Vasas bibeloversettelse, basert på Luthers bibel, har en rekke forekomster av *så*.

13. Troon j på Gud, så troor ock på migh
(Gustav Vasas bibel, 1526).
‘Tror dere på Gud, så tror dere også på meg.’

Tusen års historie

Den hele og fulle historien til *så* i norsk og svensk vil vi neppe få fullstendig oversikt over. Til det er for mye gjemt i historiens mørkekjeller.

Det vi kan si helt klart, er at «fyllordet» *så* er langt mer interessant enn det vi liker å tro. Og hadde det ikke spilt noen rolle i språket, ville det ikke ha overlevd tusen år med språkendringer.

Christine Meklenborg Salvesen er førsteamanuensis i fransk ved Universitetet i Oslo.

Når et ord er ført opp i denne spalten, betyr det bare at vi har registrert at det er i bruk.
Det betyr ikke at Språkrådet går god for ordet.



frankfurten Dagens nyord: *frankfurten*. Når du har jobbet i bokbransjen i x år, men aldri vært på den bokmessa [i Frankfurt].

Klassekampen 19.10.2019

kjøtskam Skam deg, sa dei vaksne til oss før i tida når vi hadde gjort noko gale. Då var det alvor. Vi senka hovudet og skamma oss. No er det våre klimasynder vi skal skamme oss over – flyskam, dieselskam, plastskam og kjøtskam. Men eg veit no ikkje om vi no tek skam like alvorleg som før i tida? Og så undrast eg på om eg og mange andre har ei klimasynd frå tidlegare år som vi no bør skamme oss over. Kanskje det var vi som starta heile klimakrisa?

Sogn Avis 20.6.2019

kokkelimonkekoalisjon I flere kommuner samles «alle» de små og mellomstore partiene for å skyve ut valgvinneren fra ordførerkontoret. – Dette er kokkelimonkekoalisjoner. Det kommer av at floraen av partier i kommunestyrene er større. Da gir de avkall på noen av prinsippene sine for å velte den som fikk flest stemmer ved valget, sier seniorforsker Nils Aarsæther ved Norce.

nrk.no 12.10.2019

lovask – Vi vil ha en «lovask» der vi identifiserer hvilke hindre for digitalisering som finnes i lovverket. Når det gjelder helsedata, har regjeringen allerede utarbeidet et forslag til lovendringer, som vil gjøre sekundærbruk av helsedata enklere. Blant annet gjennom en egen helseanalyseplattform, sier [digitaliseringsminister Nikolai] Astrup.

Finansavisen 10.8.2019

urskogsalarm Biolog slår urskogsalarm. I boka «I Skogens dype stille ro» tek biolog og forfattar Mikkel Soya Bølstad lesaren med inn i ein skog som er så sjeldan at ikkje alle veit at han finst – den norske urskogen. – Eg har absolutt kjent på økologisk sorg og blir skikkeleg deppa av å tenke på alle dei fantastiske artane som stille og roleg er i ferd med å døy ut. Eg visste ikkje kor gale det stod til før eg byrja å jobbe med boka.

Nynorsk Pressekontor 25.9.2019

DET ER MYE VERRE det vi holder på med i helsetjenesten. Her mylderer det av engelske ord og utrykk, og vi bruker dem med den største selvfølgelighet. Er det fordi vi tror at kvaliteten på det vi driver med, høres bedre ut når vi ikke bruker norske ord? Alle prosjekter med respekt for seg selv må ha en kick-off. Første gangen jeg deltok på noe slikt, ble jeg skuffet. Jeg hadde sett for meg ballonger, rå musikk, god mat, motivatorer og jubelrop, men det var bare et enkelt oppstartsmøte på et kjedelig kontor. Så hvorfor ikke bare kalle det for et oppstartsmøte? Prosjektet blir ikke bedre med kick-off. I prosjektene våre har vi også en release, og på et avgjørende tidspunkt er det go-/no go-møte. I prosjektrapportene skal det presenteres et business case, og når vi gjennomfører en risiko- og sårbarhetsanalyse, er det viktig å tenke worst case.

Lars Kittilsen, i Dagens Medisin

KULTURMINISTER TRINE SKEI GRANDE (V) sier til NTB at [nynorsk]roboten har bidratt til en positiv økning av nyheter på nynorsk. – Roboten er et eksempel på innovasjon innenfor norsk språkteknologi, et felt som trenger vekst og som vi i regjeringen støtter. Vi trenger store og små aktører som jobber for å styrke norsk språk, og Nynorsk pressekontor har vist seg som en solid, effektiv og visjonær aktør med relevans langt utenfor det som kan beskrives som deres primæroppdrag. [...] – Vi vet jo at bokmål dominerer i redaksjonene, og dette utgjør et press på norsk språk. Derfor trenger vi noen som utjenvner balansen mellom nynorsk og bokmål i mediesektoren. At Nynorsk pres-

sekontor leverer nyhetsstoff, åpner jo selvfølgelig for mer nynorskstoff i flere aviser, og utgjør derfor en stor forskjell for nynorsk som avisspråk.

kulturminister Trine Skei Grande, til NTB

KVA ER ELLES VERDT å merke seg som hovedpunkt i [språk]lova? [...] Eitt område (minst) er fråverande: Talemålet. For norsk språk er vel ikkje minst talemålet?! Men kva slags lovfesting kunne det vere tale (!) om? Bør dokumentasjonsarbeidet og språksamlingane (målføre, dokumentert talemålsutvikling, stadnamn) ha lovfesta sikring? Kva med å lovfeste retten til å bruke dialekten i alle offentlege samanhengar. Ville ikkje det vere med på å synleggjere og stadfeste eit viktig og demokratisk fenomen her i landet?

Øyvind Fenne, i Romsdals Budstikke

AT SKULANE I SANDNES vil bruka det engelske aktivitetsspelet «Beat the street» for å gjera elevane meir fysisk aktive, har fått folk til å kontakta Språkrådet. Språkdirektøren forstår at folk reagerer. – Eg forstår dei. Norsk språk er under press, seier språkdirektør Åse Wetås til NRK. Ho peikar på at barn blir utsette for engelsk påverknad frå mange hald, og meiner skulane har eit spesielt ansvar for å motverka denne utviklinga. – Det er spesielt viktig at skulane er gode rollemodellar. Sidan dette spelet er tenkt brukt også i skulen, ville det vore eit godt høve til å gje det eit norsk namn, seier ho.

språkdirektør Åse Wetås,
til Nynorsk Pressekontor

Leserspørsmål

Har du et språkspørsmål, kan du sende en e-post til sporsmal@sprakradet.no.

Spørsmål: Kva tyder *trunkert*, som i «trunkert søk», som ein usikker data-brukar ofte støyter på?

Svar: I Nynorskordboka er verbet *trunke-* forklart slik:

trunkere v2 (eng. *truncate*) kutte av; i
edb: erstatte byrjinga eller slutten av ein
søkjestrang med eit spesialteikn som står
for eitt eller fleire vilkårlege teikn; som adjektiv i perfektum partisipp: *eit trunkert søk*

Trunkere kjem frå latin via engelsk, og *trunkert* tyder i grunnen 'avkappa, styvd'.

Eit trunkert søk gjer ein ved å hogge
av fram- eller bakenden av eit ord og setje
inn eit spesialteikn for den avhogne delen.
Spesialteiknet blir òg kalla jokerteikn (*wild-card*) og er oftast ei stjerne eller eit spørjeteikn.

Ein kan til dømes skrive *rock, og
då får ein treff på alle ord som sluttar
på -rock (*femtitalsrock*, *garasjerock*,
jazzrock osb.). Dette er venstretrunkering.
Ein kan òg høgretrunkere og skrive rock*. Då får ein treff på alle ord som
byrjar på rock- (*rockabilly*, *rocke-musikk*, *rockestjerne* osb.). Eller ein kan
skrive *rock* og få i både pose og sekk.

I Norsk dataordbok (Universitetsforlaget
1997) står dette:

Avkutting, trunkering

Engelsk *truncuation*

Fransk *troncature*

1 Utelatelse av et eller flere av de minst viktige sifrene i en tallrepresentasjon uten at den resterende del blir justert.
Jf. *avrunde*.

2 Utslettelse eller utelatelse av en del i begynnelsen eller slutten av en streng.

Men *avkutting* ser ut til å ha tapt som avløysar. *Trunkering* er innarbeidd i vide krinsar, truleg med norsk uttale (o-lyd for u føre nk).

Spørsmål: I forrige utgave av Språknytt hevder oversetter Henning Kolstad at «*cliff* absolutt aldri betyr 'klippe'». Men for meg som er født i Storbritannia, er det utenkelig å skulle oversette «The white cliffs of Dover» med noe annet enn «De hvite klippene ved Dover». Jeg anbefaler Kolstad å ta en titt i *Det Norske Akademis ordbok*, der *klippe* er beskrevet som «nakent fjell som stikker ut i sjøen».

Svar: Kolstad svarer: «Skrentene ved Dover» ville unektelig klinge mindre romantisk. Men navnet «Klippen ved Dover» beviser dessverre ikke at *cliff* betyr 'klippe', det beviser bare at nordmenn oversetter *cliff* med *klippe*.

Formuleringen i *Det Norske Akademis ordbok* definerer det norske ordet *klippe*, det får ikke *cliff* til å bety noe mer enn det gjør – «a steep rock face», for å sitere Oxford. Og jeg har aldri funnet ytterligere betydninger i noen annen dictionary.

Leserspørsmål




Foto: Arturo Mann / Wikimedia

Man kan dessverre ikke si at en skrent er mindre enn en klippe. Det ville være som å si at en vegg er mindre enn et hus. En klippe er jo en tredimensjonal formasjon, mens en skrent bare er en bratt side av en hvilken som helst terrengformasjon. Går man dypt i ordbøkene, ser man at definisjonene av *klippe* stemmer overens med definisjonene av *rock*, mens definisjonene av *cliff* samsvarer med definisjonene av *skrent*.

Visst stikker klippene ved Dover ut i sjøen, men ordbøkene fastholder at *cliffs* bare beskriver selve fjellveggen, ikke hele den formasjonen de utgjør forsiden av.

Spørsmål: Kvifor seier vi at det går rett vest når noko går gale, altså den vegen høna sparkar?

Svar: *To go west* har lenge vore nyttet engelsk om å døy (eller å gå sund). Opphavet er truleg den skremmende tanken på å enda der sola går ned (kanskje langt ute i havet).

Dette kan i så fall vera knytt til keltiske førestillinger om dødsriket. Det kan også vera tale om forbryterspråk for å enda på ein rettarstad i West Midlands i England, slik

somme kjelder nemner. Det er uråd for oss å vurdera. Men det kan i alle fall utelukkast at det handlar om Det ville vesten i Amerika, for eit slikt opphav ville ha vore velkjent i den engelskspråklege verda.

Ordlaget skal ha spreidd seg kraftig i engelsk under første verdskrig. Truleg har det kome inn i norsk gjennom sjømannsspråket. Tor Myklebost skriv: «Sjøfolk sier aldri om sine bortkomne kamerater at de er ‘døde’. ‘Han gikk vest,’ sier de» (*Tusen norske skip: en antologi over norske sjøfolks innsats i den annen verdenskrig*, 1948, s. 61]).

Rett eller beint vest er ei naturleg utviding av vest i norsk, og i reint geografisk tyding er det gammalt.

I gamle dagar heitte det gjerne at noko gjekk *nord og ned*. Nede i Danmark går prosjekta helst *nedenom og hjem*, og hjå grannen i aust *å skogen* eller *å helvete*. Ikkje noko av dette er ukjent i Noreg. Prosjekta våre kan også *gå i vasken* eller det som verre er. Saker og ting kan vidare gå *ad undas, til dunders, flytten, skeis* og *til pises* – om det ikkje kort og godt ryk. Menneske går i verste fall *i hundane*. Det spørst om det finst like mange uttrykk for det at noko går bra.

Om Språkrådet

Språkrådet arbeider for å styrke det norske språket og språkmangfoldet i landet. Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og følger opp den norske språkpolitikken på oppdrag fra Kulturdepartementet.

Dette gjør Språkrådet

- Språkrådet samarbeider med offentlige og private aktører om språkpolitiske tiltak, blant annet om klarspråk i det offentlige og i næringslivet, fagspråk, terminologi og formidling på norsk; fordeling av nynorsk og bokmål i staten og norsk-språklig teknologi. Vi arbeider for at språkopplæringen skal bygge på språkpolitikken. Vi fører tilsyn med målloven og gir råd om stedsnavn.
- Språkrådet gir råd og formidler kunnskap om språk, språkbruk og språkarbeid. Rådgivning på nett, nettordbøker, kurs, seminarer og publikasjoner er viktige verktøy i dette arbeidet. Vi forvalter rettskrivningen i nynorsk og bokmål og følger med på hvordan språket utvikler seg. Vi godkjenner norske ordbøker og ordlister til bruk i skolen.
- Språkrådet fremmer norsk tegnspråk og de nasjonale minoritetsspråkene kvensk, romani og romanes og samarbeider med språkbruksgruppene. Vi samarbeider med språkinstitusjoner i andre land, blant annet om å sikre nabospråkforståelse i Norden.
- Språkrådet deler ut Språkprisen for fremragende bruk av norsk i sakprosa og andre priser og stipend. Vi arrangerer den årlige Språkdagen for å sette sørklys på språk og språkbruk i samfunnet.

Hovedmålene for Språkrådets arbeid

- Styrke norsk språks status og bruk på utsatte samfunnsområder
- Fremme norsk som et godt og velfungerende kultur- og bruksspråk
- Ivareta det språklige mangfoldet og språkbrukernes interesser

Direktøren leder Språkrådets sekretariat, som blant annet har tre språkfaglige seksjoner. Styret i Språkrådet er utnevnt av Kulturdepartementet. Språkrådet har fire fagråd med språkkynlige og språkengasjerte personer fra hele samfunnet.

www.sprakradet.no
facebook.com/Sprakradet.NO
twitter.com/sprakradet

Språkrådet♦

Postboks 1573 Vika
0118 OSLO

TELEFON: 22 54 19 50

ANSVARLIG REDAKTØR:
Åse Wetås

REDAKTØR:
Erlend Lønnum
erlend.lonnum@sprakradet.no

JOURNALISTER:
Sigrid Sørungård Botheim
sigrid.botheim@sprakradet.no

Lars Ivar Nordal
lars.ivar.nordal@sprakradet.no

ABONNEMENT OG
ADRESSEENDRING:
bestilling@sprakradet.no

Signerte artikler fra
eksterne skribenter står
for forfatterens syn.

Ettertrykk tillatt når
kilden er oppgitt.

OPPLAG: 10 400

Tekstene i dette nummeret
fins også på internett:
www.sprakradet.no/spraknytt



Fire nummer i året
Redaksjonen avsluttet
25.10.2019

LAYOUT: Beate Syversen
beate@b-7.no
TRYKK: Zoom Grafisk

ISSN 0333-3825

Forsideillustrasjon:
Foto: Katrine Gade

Baksideillustrasjon:
Foto: Zocha_K / iStockphoto



Returadresse:
Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 OSLO

HISTORIA BAK

Epler og pærer

Mange trær bærer frukter i språket vårt.

Språklige epler

Eple er et gammelt arveord, som het *epli* i norrønt.

Eplene finner vi blant annet i anatomiske metaforer som *adamsepler* og *øyepler*, der de nesten er selvforklarende. Hvorfor spradebasser er *eplekjekke*, er ikke like godt å si, men hvis de har *eplenikkers*, skal benklærne være vide nok til å romme epler under epleslang.

Eplene har trillet inn i flere faste uttrykk: Hvis du må finne deg i noe du ikke liker, må du *bite i det sure eplet*. Hvis du ligner opphavet ditt, har *eplet ikke falt langt fra stammen*. Og hvis du lurer på hva som er *stridens eple*, altså hva striden egentlig dreier seg om, er det opprinnelig et spørsmål om det var Hera, Pallas Athene eller Afrodite som fortjente det eplet Eris (stridens gudinne i gresk mytologi) hadde kastet til dem med påskriften «Til den skjønneste».

Språklige pærer

Pære har vi fra norrønt *pera*, som stammer fra latin *pirum*.

Pirum finner vi i uttrykket *alle mann var pirum*, altså fulle. Hva det kommer av, er usikkert, men det er synonymt med *pære full*. *Pære i pære full* og *pære dansk* stammer imidlertid ikke fra frukt-betegnelsen, det kan være omdannet av *pur* 'ren' (latin *purus*).

Også frukten pære inngår i mindre flatterende uttrykk, da som erstatning for hodet: Er du *høy på pæra*, er du overlegen, og er du *bløt på pæra*, er du passe sløv.

De to vanligste metaforiske sammensetningene med *pære* finner vi i *hestepære* 'hestelort' og *lyspære*.

